



MERKNADSSKJEMA

FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADER OG UTTALAR – OFFENTLEG ETTERSYN

Plannamn: Detaljregulering for Frekhaugkrysset fv. 564, inkl. utbetring fv. 244.

PlanID: 1256 2017 0003

Dato / revisjonsdato: 31.10.2017, 14.12.2017

Avsendar	Hovudpunkt i merknaden	Forslagsstillar sin kommentar
Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap, brev datert 22.09.17	Viser til trong for tilstrekkeleg areal for hentestad av avfallsdunkar (inkludert plass til å snu renovasjonsbil) samt at tilkomstveg må vere tilstrekkelig dimensjonert i høve til breidde og akseltrykk.	Fråsegna vert tatt med i det vidare arbeidet, gjeld særleg eigedommar langs GS-veg.
Fylkesmannen i Hordaland, e-post sendt 26.09.17	<p>Fylkesmannen (FMH) legg til grunna at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan, og ev. etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar.</p> <p>FMH ser ikkje at oppstartsvarsel er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Har følgjande innspel;</p> <p><u>ROS-analyse:</u> Akseptkriteria frå TEK10 for flaum og skred leggst til grunn, kriteria for anna type risiko skal definerast av kommunen. Ev. risikohøve skal merkast plankart og risikoreduserande tiltak skal gå fram av føresegn.</p> <p><u>Samordna bustad, areal og transportplanlegging:</u> Samordne busettingsmønster og transportsystem, avgrense transportbehovet og legg til rett for klima og miljøvennlege løysingar. Styrke gang og sykkel som transportform</p> <p><u>Barn og unge:</u> Visar til temarettleiar T-1513 og rettleiar H-2302. Det skal skaffast fullverdig erstatningsareal jf. pkt. 5d i retningslinjene ved omdisponering av regulert og uregulert areal som er i bruk til eller eigna for leik.</p>	<p>Det vil verte utarbeid eigen ROS-analyse som del av planarbeidet. Detaljreguleringa for fylkesvegssystemet vert utarbeida i kontinuerlig dialog med Meland kommune, og med tilpassingar til kommunen sine planar for sentrumsfortetting.</p> <p>Planarbeidet vil ha fokus på framtidsetta areal- og transportplanlegging og vurderingar rundt alle dei fagtema som fylkesmannen påpeikar i si fråsegn. Utgreiing av dei ulike fagtema vil verta del av planrapport til reguleringsplanen.</p>



	<p><u>Folkehelse:</u> Det skal gjerast vurdering av folkehelse i all planlegging og eit sentralt element i dette er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2015.</p> <p><u>Støy:</u> Retningslinje T-1442/2016 skal leggest til grunn i arbeidet, og støyfaglege utgreiingar skal gjerast så tidleg så mogleg i planprosessen (i dette krav til talfesting og framstilling i tabell/berekningspunkt i kart.</p> <p><u>Landbruk:</u> Det er nasjonalt mål at det skal omdisponerast mindre enn 4000 daa dyrka jord i Noreg fram mot 2020 for mattryggleik og auka matproduksjon. Kommunane har ansvar om at dette målet vert nådd.</p> <p><u>Naturmangfald:</u> Konsekvensar av endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova §§7 til 12. Det skal kome tydeleg fram i planarbeidet.</p> <p>Medverknad: Det skal sikrast medverknad i planprosess jf. pbl. §5-1. Kommunen har ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet, jf. rundskriv T-2/08 og rettleiar H-2302.</p> <p>FMH deltar gjerne i møte saman med kommunen dersom det ynskeleg å avklare vesentlege regionale og nasjonale interesser.</p>	
<p>Hordaland fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga, brev datert 11.10.17</p>	<p>Brevet omhandlar prosedyrar rundt arkeologisk registrering, andre fråsegn inngår i fellesbrev frå Hordaland fylkeskommune (HFK). Det er ikkje kjende kulturminne eller arkeologisk funn frå planområdet, men det er gjort slike funn på nabogardane Frekhaug, Mjåtveit, Sagstad og Fosse. Langeland var del av ein jordgodset under Munkeliv kloster i Bergen er omtalt i jordbøkene frå 1400-talet. HFK har gjennomført synfaring og grunna potensialet for nye funn er det naudsynt med arkeologisk registrering for å avgjere om det er konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne jf. kulturminnelova § 9. Kostnadsoverlag for arbeidet er vedlagt brevet.</p>	<p>Tiltakshavar tek fråsegna til følgje og har skriftleg godkjend kostnadsoverlag for arkeologiske registreringar i planområdet. Fylkeskommunen har planlagt gjennomføring av registreringane våren 2018.</p>



<p>Audun Engesbak, gnr. 24, bnr. 46, e-post sendt 24.10.17</p>	<p>Viser til at fleire eigedommar har felles privat veg med avkøyrsl frå fv. 244. Kan ikkje sjå å ha motteke varsel om igangsetting av planarbeid, sjølv om dei vil bli råka av planarbeidet. Kommenterer at det er i deira interesse å vite meir om korleis deira avkøyrsl vert råka.</p>	<p>Planarbeidet er varsla per brev til dei eigedommar som ligg innanfor eller grensar direkte til plangrensa det er varsla oppstart for. I tillegg er det varsla i planoppstart i lokalaviser for å nå ut til flest mogleg.</p> <p>Planarbeidet er i oppstart fase og det er ikkje avgjort kva for nokre vegar som kan verte sanert. Ingen sideveger vil bli varig fjerna utan at tilbod om tilkomst vert oppretthalde. For eigedommar med fleire alternative tilkomst, vil planarbeidet vurdere sanering av avkøyrslar såframt annan tilkomst vert vurdert som tilstrekkeleg for den enkelte eigedom</p>
<p>Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga, brev datert 25.10.2017</p>	<p>Hordaland fylkeskommune (HFK) vurderer oppstartsmeldinga ut frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsettingar i regionale planar.</p> <p><u>Kulturminne og kulturmiljø</u>: Minner om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tideleg stadium i alle arealplanlegging. HFK ber om at ev. kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til det vidare arbeidet.</p> <p>For automatisk freda kulturminne og arkeologisk registrering vert det vist til brev dagsett 11.10.2017.</p> <p>Når det gjeld nyare tids kulturminne er det fleire SEFRAK bygg i planområdet. Området har vore del av jordgodset til Munkeliv kloster på 1400-tallet og Langeland er i dag eit intakt kulturlandskap. Det må vurderast om nokre av kulturminne bør få ei omsynssone H570, der en sikrar kulturmiljø og einskilde kulturminne opp mot landskap.</p> <p><u>Samferdsel</u>: HFK er positiv til vegutbetring av fv. 244, mellom anna for å sikre tilhøva for mjuke trafikantar. Det er kollektivtrafikk på vegen og det må bli lagt til rette for at to busser kan møtast. Kollektivterminal i Frekhaug sentrum var sentral i diskusjon ved områdereguleringsplan for Frekhaug sentrum og Skyss vil delta i</p>	<p>Sjå kommentar over om aksept for kostnadsoverslag for arkeologiske registreringar.</p> <p>Fv. 244 vil etter avgjersle i Fylkesvegrådet bli dimensjonert med tilstrekkeleg breidde til at to bussar kan møtast. Statens vegvesen er godt kjend med drøftingane kring lokalisering av kollektivterminal og Skyss og HFK sin samferdselsavdeling har av denne grunn vore involvert i innleiande dialogmøte ved utarbeiding av forprosjektet. Her har ein avdekket at dagens kapasitet ved kollektiv knutepunktet er dekkande for planområdet. I planarbeidet vil det verta arbeidd vidare med løysingar for trinnvis utbygging, og der ein kan nytte dagens plassering av kollektivknutepunkt til å løyse framtidig kollektiv behov.</p> <p>Statens vegvesen vil halde kontinuerleg kontakt med Meland kommune gjennom planarbeidet, og ha fokus på tilpassingar til kommunen sin områdeplan for Frekhaug sentrum og planar om å legge til rette for fortetting ved Langelandsskogen.</p> <p>Statens vegvesen vil og halde vegeigar Hordaland fylkeskommune kontinuerleg orientert om planarbeidet undervegs.</p>



	<p>planprosessen dersom detaljreguleringa får innverknad på terminalen.</p> <p><u>Senter- og tettstadsutvikling:</u> Planområdet omfattar delar av Frekaug sentrum med tilhøyrande områdereguleringssplan. Denne planen har vore omfattande drøfting mellom kommunen, Statens vegvesen, Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Understrekar at prinsipp frå plan om at kvartal struktur og lokalisering av kollektivterminal må ligge fast. Dersom det er forslag til endringar av dette ber HFK om det vert invitert til drøftingsmøter undervegs i prosessen.</p>	
<p>Statens vegvesen v/Plan og forvaltning, brev datert 25.10.17</p>	<p>Statens vegvesen kommenterer deler av planområdet, Frekhaug sentrum, er eit område i vekst. Infrastrukturen som tiltaket legg til rette for vil støtte opp under nullvekstmålet og samordna bustad – areal- og transportplanlegging. Statens vegvesen sine handbøker vert lagt til grunn for arbeidet og har følgjeleg ingen merknader.</p>	<p>Tiltakshavar tek fråsegna til orientering</p>
<p>Helge Langeland, gnr. 24, bnr. 12, e-post sendt 26.10.17</p>	<p>Eigedom vert direkte råka av planen. Østre del av eigedom er tenkt som næringsareal dersom støyutgreiingar tilseier at det kan akseptrast. Formål er i samsvar med kommuneplanen. Deler av denne parsellen ligg der det kan komme ny rundkøyring. Ber om at det areal som ikkje inngår i vegformål og som står att av parsellen fortsatt kan brukast til slikt formål.</p> <p>Vestre del av parsell ynskjer Langeland skal nyttast til bustad og grøntareal. Dette er delvis i tråd med kommuneplanens arealdel og den vestlegaste delen er allereie disponert til bustadformål helt ned til fv. 564.</p> <p>Ber om at regulering av fv. 564 og fv. 244 tek omsyn til dei omtalte planane ved at det sikrast god og trafikksikker tilkomst, uavhengig av arealformål i kommuneplanens arealdel.</p>	<p>Planarbeidet skal leggje til rette for samanhengande gang- og sykkelanlegg innanfor planområdet langs fv. 564 og fv. 244. Det skal og sikrast at eksisterande avkøyrslar til eigedomane anten vert oppretthalde eller erstatta med tilsvarande tilbod.</p> <p>Detaljreguleringa av fylkesvegssystemet vil verte utarbeidd i tett dialog med Meland kommune sin administrasjon. Høvet til kommuneplanens arealdel vert ein viktig del av vurderingane som kommunen gjer i si sakshandsaming av planen. Det areal som ikkje regulerast til vegformål får ein arealbruk i samsvar med gjeldande planer og etter avklaring med kommunen.</p> <p>Eigedom Langeland visar til at areal er avsett til kombinerte busetnad og anleggsføremål i kommuneplanens arealdel. Statens vegvesen er gjort kjend med at Meland kommune ynskjer å leggje til rette for utbygging i Langelandsskogen som del av framtidig fortetting ved Frekhaug sentrum. I planarbeidet for</p>



		fylkesvegssystemet vil ein difor leggje til rette for tilpassing og tilkomst inn mot Langelandsskogen.
BKK Nett AS, e-post sendt 14.11.2017	Informerer om at BKK har 22kV anlegg innanfor reguleringsgrense. Antar dei får planforslaget på høyring og anledning til å kome med tilbakemelding på planforslaget.	Planforslaget vil verte sendt BKK ved offentleg ettersyn. Dersom det i prosessen med utarbeiding av reguleringsplankart er trong for avklaringsmøte med BKK i forhold til tiltak nært ved eksisterande anlegg vil det verta teke kontakt.
Norges vassdrag og energidirektorat (NVE), e-post sendt 16.10.17	Viser til NVE sine sider om arealplanlegging der det mellom anna ligg ei sjekklister for vurdering av tema innanfor NVE sine forvaltningsområde. NVE har elles ingen innspel til planarbeidet.	Tiltakshavar tek fråsegna til orientering
Eldrerådet, Meland kommune, sendt 06.12.17	For trafikktryggleiken ved utbetring av fv. 244 bør det vurderast over- eller undergang, eventuelt lyskruss. Vegen forbi rådhuset bør verte forkøyrsvog.	Statens vegvesen forstår fråsegna til å gjelde kryssing av fv. 564. Det er fleire omsyn å ta i ein planprosess – andre interessentar, kostnad, universell utforming og kommunen sin visjon og tankar for utvikling av staden. Løysing for kryssing av fv. 564 vil vere ein del av den vidare planprosessen. Når det gjeld vegen forbi rådhuset er dette ein kommunal veg og ein slik prosess vert handsama kommunalt.
Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, sendt 08.12.17	Orienteringa frå planfagleg administrasjon i kommunen vert teken til vitande. Rådet legg til grunn at krav om universell utforming blir fylgt i alle tiltak i planområdet og at rådet vil bli holda løypande orientert.	Krav om universell utforming ligg til grunn i Statens vegvesen sine handbøker, som gjev rammer for all planlegging i Statens vegvesen sin regi. Statens vegvesen legg til grunn at kommunen gjer dei naudsynte interne avklaringar og orienteringssakar undervegs i den vidare planprosessen.